

## **AVTALE**

mellom

**Meland kommune**

og

**Eigarar av gnr. 10/29 i Meland kommune**

Avtalen gjeld legging av VA-anlegg og utviding av fylkesveg 247.

Meland kommune og eigarar av gnr. 10 bnr. 29 i Meland har inngått følgjande avtale om utviding av fylkesveg 247 og legging av VA-anlegg, der kommunen er ansvarleg for prosjektering, anleggsarbeid og seinare drift og vedlikehald:

1. Meland kommune skal bygge vatn- og avlaupsleidning frå Holme til Tveit under allereie eksisterande fylkesveg. På delar av eksisterande veg skal det byggjast fortau. Med tanke på framtidig vegbruk og for å sikre tilkomst mens arbeidet pågår, er det behov for at vegen vert utvida. På bakgrunn av terrenget i området er det mest tenleg at denne vegen blir lagt noko over gnr. 10 bnr. 29, som vist på vedlagt kart. Grunneigarane gjev gjennom denne avtalen Meland kommune rett til å opparbeide veg og leggje asfalt på eigedomen. Den aktuelle plasseringa vegen er synt på vedlagte forstørring av kart i målestokk 1:1000. Det kan bli mindre tilpassingar av trasèen innanfor anleggsbeltet i samband med detaljprosjekteringa og utføringa av vegen.
2. Meland kommune har vidare rett til tilkomst til eigedomen der det skal anleggjast veg i anleggstida og tilkomst for seinare tilsyn, vedlikehald og forsyning, samt rett til å nytte omkringliggende private framkomstvegar som grunneigar er heimelshavar til, dersom det er naudsynt for å gå gjennomført anleggsarbeidet, seinare tilsyn og vedlikehald.
3. Anleggsarbeidet og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenopprettet i den grad det er mogleg. Følgjande er nærmere avtalt
  - Førekommstar av fast fjell, større seinar og andre terrenghindringar innanfor den planlagde vegbanen vil bli sprengd og fjerna. Ein føreset at vegen vert lagt 4 meter målt frå neverande vegkant. Avhengig av fjellstruktur og av hensyn til skråningsareal kan det vere behov for å sprengje inntil 5 meter innpå eigedomen.
  - For å gjere vegen meir trafikksikker skal Meland kommune forsøke å rette ut vegprofilen. Vegbanen må difor senkast og hevast nokre stader. Utsprengd masse skal nyttast som fyllings- og bærelagsmasse i veganlegget.
  - Etter at arbeidet er ferdig har alle rett til å nytte vegen på lik linje med ein vanleg fylkesveg, sjølv om delar av vegen strekk seg over grunneigar sin eigedom.

- Opparbeidinga av veg og legging av asfalt på eigedomen er permanente tiltak som ikkje skal rettast opp i. Meland kommune legg med dette til rette for at vegarealet som fell innanfor eigedomsgrensa seinare skal ervervast av Statens vegvesen.
  - Meland kommune vil ha ingen innvendingar mot ein seinare salsavtale mellom grunneigar og Statens vegvesen der opparbeida vegareal blir overført til sistnemnte, under føresetnad at vedlikehald, tilsyn og anna ansvar knytt til drift av vegen overførast fullt ut til Statens vegvesen.
4. Eventuell erstatning for skade eller ulempe som måtte bli påført eigedomen som følgje avtala skal erstattast ved minneleg overeinskomst eventuelt skjønn. Skadar ved kommunen sitt framtidige tilsyn, vedlikehald og fornying av vegen skal handterast på same måte.
  5. Etter at anleggsarbeidet er utført over eigedomen skal Meland kommune, saman med grunneigar, gjennomføre synfaring.
  6. Denne avtalen skal tinglysast som hefte på eigedomen. Meland kommune betalar kostnadene ved tinglysinga.

Stad og dato:.....

Stad og dato: .....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

Meland kommune

.....  
Personnr.:.....

Orgnr.: 951 549 770

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....  
Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 29

.....

Personnr.:.....